

Årsmelding Lærdal Golfklubb 2018

Lang sesong, vellukka turneringssesong



Innhald

1. Årsmøtet og Styret sin aktivitet	2
2. Aktivitet Utad	4
3. Klubben Formelt og Admin	6
4. Klubben Praktisk.....	9
5. Turneringar.....	10
6. Bana og Banestell 2018.....	11
7. Årdalrangen (Roger Kleiva)	13
8. Nye Bana	14
9. Medlemsarbeid	15
10. Økonomi	15
11. Sponsorar.....	16

1. Årsmøtet og Styret sin aktivitet

Årsmøtet

Årsmøtet 2018 var torsdag 9. februar på Tya Bakeri i Øvre Årdal med bra oppmøte.

[Referat er på Heimesida; det er lagt ut saman innkallinga til dette Årsmøtet.](#)

Styret 2018

Petter Lossius, Leiar
Ole Kristian Øren, Nestleiar
Gerd Skalle, Styremedlem
Roger Kleiva, Styremedlem
Oddvar Aalen, Styremedlem
Jan Lunde, Styremedlem
Per Åke Evjestad, varamedlem
Ingrid Jansen, varamedlem

01-11 Styremøte om Årsmøte (vart avlyst)
02-07 Årsmøte Klingenberg
04-05 Styremøte hos Petter på Tangen Sesongstart/dugnad/GDPR/Baneleige/VTG kurs
06-?? Styremøte hos Gerd på Øyri - sesong
08-08 Styremøte før møte med Pål Melbye, NGF
10-10 Styremøte hos Petter på Øyri – sesongslutt, nye bana
11-18 Styremøte Petter på Øyri – prosjekt nye bana

Petter	drift, innkjøp, bank, betaling, bilag, rekneskap, banelaget, heimesida legk.no
Ole Kristian	medlemmar, fakturering, Veggen til Golf (Goosengolf), media, Facebook
Gerd	kiosk, sponsor, brosjyrar, banevertar, Jentegruppa
Oddvar	maskingruppa, teknisk vedlikehald (saman Terje Bakken)
Roger	Årdalrangen organisering og oppsyn, betaling
Jan	arrangement og turnering
Per Åke	media, rekruttering
Ivar Otto	bana, gjødsling, innkjøp, hjelp Martin
Odd Inge	drifting

2. Aktivitet Utad

Heimesida LeGk.no (Petter, Georg Næumann)

Georg, firma Netopp Næumann, er SysOp sidan 2012 og driv heimesida og overvakar mot uønskt aktivitet. Web-host er Serve-The-World.

2018: Frå 2017 tok klubben i bruk WordPress løysing. Brukarar er Georg og Petter. Det er ynskjeleg å få med fleire som kan legge inn meldingar og resultat.

[Lærdal Golfklubb Heimeside.](#)

Facebook (Ole Kristian)

Ole Kristian Øren følger opp klubben sine sider på Facebook.

Open side

<https://www.facebook.com/laerdalgolfklubb>

Lukka gruppe for Lærdal Golfklubb (104 medlemmer). Med ei lukka gruppe blir du ikkje blanda bort i anna Facebook aktivitet.

<https://www.facebook.com/groups/310852029011712/>

Det vert oppretta Hendingar for klubbturneringar og laga undergrupper for golfturar eller MatchCup eller anna, vanlegvis per invitasjon – kontakt Ole Kristian om desse.

Banevertar (Gerd)

Gerd og Ingrid organiserte Banevertar i 2018. Mest alle som blir bedt stiller, så dette fungerer bra. Det er ikkje alltid mykje å gjere, men ein får ein fin dag til trening på range og puttegreen.

Jentegolfen (Gerd)

Ansvarleg er Gerd Skalle.

Jentegolfen vart gjennomført med spel kvar torsdag i 2018.

Seniorgolfen

Møtast tirsdag, torsdag, søndag.

Kurs - Vegen til Golf (Ole Kristian)

Det var arrangert Vegen Til Golf-kurs 29.juni - 1.juli. 6 ivrige nybegynnarar deltok. Kursdeltakarane hadde verkeleg anlegg for å spele golf og dei storkosa seg i strålende sommarvær. Ole Kristian var kursleiar då verken Donovan Goosen i Sunnfjord GK eller Ulf Krüger i Valdres GK hadde anledning til å stille.

Rekrutteringsinitiativet Juniorgruppa (Per Åke)

Det var ikkje kurs sommaren 2018.

3. Klubben Formelt og Admin

Tilsette

Klubben har hatt 1 tilsett i året som gjekk: Greenkeeper Marcin Andrzej Bednarczyk tilsvarende 5.5 månadsverk. Ikkje løn til leiar og nestleiar i 2018.

GolfBox Medlemsarkiv og Kontingent Fakturering NorKred (Ole Kristian Øren)

Ole Kristian har ansvar GolfBox medlemsarkiv med inn- og utmeldingar og alle førespurnader. Medlemsarkiv vert oppdatert løypande. Student-medlemskap til halve prisen av fritt spel. Medlemsoppfølging slik at nye medlem får NGF golf-kort raskt tilsendt.

Kontingent vert no fakturert gjennom NorKred. Samarbeidet med NorKred har fungert med enklare medlemshandteringa da GolfBox no det einaste medlemsregisteret me trenger.

Rekneskap og Revisjon (Petter Lossius)

Petter Lossius har ansvar post og faktura-betaling, rekneskap med Økonomiservice, korrespondanse og rapportering til NGF og NIF Sogn & Fjordane Krets, samt Brønnøysundregistrene.

Økonomiservice ved Vigdis Helene Mo har ført rekneskapen.

Revisjon: Fylgjer NIF sine reglar for lag med omsetnad under 5 millionar kroner.

Revisorar 2018: Odd Inge Mo og Normann Walaker

Vipps (Ole Kristian Øren)

Klubben sitt Vipps-nummer er 116086. Vert meir og meir brukt, spesielt til Greenfee er det dramatisk endring frå berre kontantar til 80 % Vipps.

Tidleg i sesongen vart Vipps Bedrift teken i bruk. Dette innebar at vi kunne lage butikkmenyar for t.d. greenfee, proshop, kiosksalg og startkontigentar. I desse menyane ligg varene ferdig registrerte med standard prisar; noko som gjer Vipps meir brukarvenleg for både medlemar og gjester.

Forsikring (Petter Lossius)

Ny leverandør Gjensidige – Betre Sikring ansvar spelar, ansvar Styre, underslag og meir. Omlag 50 % dyrare (sjå 2017-kostnad), men Eika hadde ikkje matchande tilbod.

Merk at i 2018 sendte Gjensidige faktura til adresse bana, vanskeleg å se kvifor da all input til Gjensidige bruker postbokadressen.

Gjensidige Næringslivsforsikring 2017 (kr)

Pris etter rabatter 7 309 - Rabatt for 2017 for Gjensidiges lag- og klubbfors. utgjør kr 27 028.

Personal - med antallsoppgave - Alle ansatte

- Lovbestemt yrkesskade

- Lovbestemt yrkessykdom

Dugnad, Organisasjoner, Korps/klubb - Medlemmer

- Ulykke invaliditet

- Ulykke død

Ansvarsforsikring

Rettskjøpsforsikring

Styre- og ledelsesansvar

Kriminalitet

Dokument Lagring og DropBox

Klubb-dokument er dels på heimesida i WordPress Media-arkiv og dels lagra i Skyen på DropBox, men viktigaste lagring er framleis heime på eigen PC. Delar av filarkiv er levert til medlemmer Styret.

Bank – Indre Sogn Sparebank

3730.02.19242 - 37300219242 - Årdalrange

3838.07.69902 - 38380769902 - Brukskonto m/bevilgning (kredit 200k)

3838.13.51685 - 38381351685 - KONTO m KID

3838.68.94326 - 38386894326 - Skattetrekkkonto

Brønnøysund Registrene, Organisasjonsnr, Grasrotandel

Einingsregisteret – Data om Styret 2018 er oppdatert og godkjent.

Organisasjonsnr 983 897 126 - dette er Grasrotandel.

Omlag 22k, hald fram bra, takk til alle som bidreg. Øker frå 5 % til 7 % i 2018.

Underenhet Org.nr. 919 274 824 – tror det er til MVA.

MVA kompensasjon Omlag 33k, vert noko mindre kvart år.

Idrettsregistreringa, MVA-kompensasjon

No automatisk frå GolfBox og inn i NIF sin registrering slutt desember. Innberetning beløp til MVA kompensasjon er samordna og skjer i april.

Kulturmidlar (hugs frist er tidleg, sjekk start mars)

Lærdal Kommune kr 5000 (søknad Petter)

Årdal Kommune til rangen kr 5000 (søknad Roger, Jan)

Handicapkomite

Handicap revisjon vart gjort ved årsskiftet. Dei som har gjeldande HCP får melding.

Handicapkomite er obligatorisk

Ole Kristian Øren (leiar)

Petter Lossius

4. Klubben Praktisk

GolfBox-PC, Breiband, WebCam, WiFi

Breiband på bana vart følgt opp av Petter Lossius saman SysOp Georg Næumann. Etter at Soggenett la ned sitt nett på Ljøsne sommaren 2017 vart det ordna mobilt breiband 30 MB/månad frå Telio til 4000/år. Det vart brukt til GolfBox PC medan ope WiFi nett og WebCam vart avvikla grunna låg bandbredde med mobilt breiband.

Sommar 2018 vart Telio kjøpt opp av Telia som auka prisen med 100/mnd og da vart mobilt breiband til GolfBox PC droppa. Det er førebels ikkje planer om nytt opplegg breiband. Løysing med mobilnett og sokalla tethering kan prøvast.

Kiosk, Iskrem, Kaffe og Brus

Gerd Skalle ordna avtale med Diplom-IS så vi har ny fryser som fungerer.

Ivar Otto Rikheim held auge med kaffemaskina.

Brusautomaten er uta av drift da den tok kr 20 per flaske, mindre enn innkjøp.

Proshop, Premiar

Det vart kjøpt inn **Logoballar**, 24 dusin Callaway Supersoft, frå Viaposten.no (no berre logo-art.) som vert brukt som premiar.

Proshop vart pakka saman og flytte inn på kontor grunna vanskar med oppsyn. Det er eit lite lager hanskar, caps og baller som kan tas i bruk igjen.

Spesiell takk til Per Arve Paulsen og Erling O. Aarethun som held klubben med **lake-ballar**. **Pokalsamling** - Klubben har ei samling små-pokalar som kan brukast som premiar ved arrangement, spesielt om nokon leiger bana for eige arrangement. Premietoppen.no.

Samarbeid med andre klubbar

Det har vært god kontakt med Valdres Golfklubb denne sesongen óg, med turnering E16 Ryder Cup, kontakt er Pro Ulf Kruger.

Nokre vitjande golfarar frå Hemsedal Gk sa dei er interesserte i å ta oppatt Riksveg 52 Cup.

Spania Klubbturn

Ole Kristian arrangerte klubbturn 12. til 17. mars, seks spelarar deltok, sted var La Manga, samme som i 2017. Litt om turen her: <http://legk.no/?s=manga>.

5. Turneringar

Arrangørar Petter, Oddvar, Jan (Match Cup), Stian (Bedriftsturneringa) med bistand frå Ivar Otto, Ole Kristian, Gerd, Ingrid.

Nokre Resultat frå dei omlag 25 turneringene

KM Ole Kristian Øren vart Klubbmeister føre Tor Erik Moen og Nikolai Sommer Os. Odd Inge Mo to KM Seniortittelen føre Oddvar Aalen.

KM Pitch'n Putt Kjetil Karlsen og Tore Gjerdalen med tittelforsvarar Stian Øy på tredje.

MatchCup - Finale, Oddvar Aalen 3 og 2 mot Ole Kristian Øren, Tore Gjerdalen og Petter Lossius slått ut i semifinalane.

Rikheim Cup – Kaptein Odd Inge Mo losa eit Lærdal-lag forsterka med sogninger frå nord-sida til siger. [Historikk](#).

Bedriftsturneringa.

E16 Cup – vart ikkje noko av grunne tid og stad – Vandrepokalen står på klubbkontoret.

Sommarserien (sju av maks 12 teljande) – Petter Lossius vann og var einaste som spelte alle turneringer. Nummer to var Didde Gjerde og tre Oddvar Aalen.

6. Bana og Banestell 2018

Banekomiteé var Ivar Otto Rikheim, Odd Inge Mo, Oddvar Aalen, Petter Lossius og Dugnadsgjengen.

Bana vart drifta bra i 2018. Me var heldige med begrensa is-skader, is-brann, berre noko ved fairway 1'ar, tee 3'ar og langs tee'ar på range.

Banestell (Ivar Otto Rikheim)

Når det gjeld gjødsel, køyrer me no opprinneleg plan frå Bergmann med ein type vårgjødsel, ein type sommargjødsel og ein type haustgjødsel (har kutta ut den flytande). Me bestiller no all gjødsel frå Lærdal Grønt, og sparar frakt på det.

Som du sikkert veit, er det ein del mose på greenane. Kan bruke mosedrepar, men klubben har valt å la mosen ligge og klippe som vanleg på våren.

Me har att noko gjødsel som skal brukast i kommande sesong, så forhåpentleg vil utgiftene til gjødsel bli redusert litt.

Sliping Aggregat – kostnad redusert

Klubben har bytta til Boye Lind som var på bana for sliping to ganger i 2018.

- 1) John Deere greenklipper helt fin
- 2) John Deere fairway - bolter var så fast-rusta at det vart bora ut (Oddvar ordna det).
- 3) Toro greenklipper er gitt opp og kan ikkje brukast meir. Mogleg aggregat kan seljast.

Tidlegare gode greenar er mogleg

Dette beror mykje på veret, men nokre saker kan me gjere. Tidleg sesong april-mai – ta vare på mose på greenar som hamnar ut overflata. Dresse meir frå midt i mai. Viktig i 2017 var innkjøp ny dresse-sand og mykje bruk dresse-sand frå slutt juli. Det bør aukast enda meir, og startast tidlegare. Frå mid-juli kombinert med meir vertikal-skjering.

Status på maskinparken frå Oddvar Aalen

Ikkje oppdatert.

Maskinpark (Terje Bakken)

Ikkje oppdatert (liste frå 2017).

Kjøretøy info Lærdal Golfklubb

	Maskin nr	Merke	Type	Modell	Serie nr	År
OK nr	1-1	Ransomes	AR250	945019	94501900211	
	1-2	Ransomes	Green Super	55		
	1-3	Toro	Greens Aerotor		NO09110-10001	
OK nr	1-4	Toro	Greenmaster	3000,3000D	04375-00535	
	1-5	Toro	216		03410-70182	
OK nr	1-6	Toro	216		03410-80189	
	1-7	Toro	Green Aerotar	1233	303447	
OK nr	2-1	EzGo	Bil		??0630-654418	
OK nr	1-8	John Deere	Greensmower	2500	OMTCU20523K4	
OK nr	1-9	John Deere		3235B	TC3235F030142	
	1-10	Tunfco	Mete-R-Matic	Top dresser F15B	85417E	
OK nr	2-2	Club Car	Bil, Turf 2	Carryall	RG0142-085192	
	3-1	Leiland	Traktor			
OK nr	3-2	Sitrex	Traktor klipper	SM-180		

7. Årdalrangen (Roger Kleiva)

Ikkje oppdatert, frå 2017.

Maskinparken Årdalrange

1 stk John Deere klipper – denne er operativ, var til ettersyn vinter 2016

1 stk Toro 216 triplex sylindarklyppar bensin (Fairway) – det er satt på nytt feste på ramme og gjennomført stort vedlikehald. Status usikker.

1 stk Ballautomat for 20 og 10 kr, programmerbar med telleverk

8. Nye Bana

Skisse arbeid fram til no. Fleire møte med grunneigarane, sjå link. Mykje hjelp fra Arve Tokvam. No kontakt LNU er Ole Ramshus Sælthun.

- 2017-03-11 NyBaneKomite stifta etter Årsmøte
- 2017-03-13 Møte LNU, kommunen 03-20 Frist Forstudie LNU 03-20 Arrangere artikler etc og
- 2017-03-29 NyBane – Grunneigarar inviterte til møte 29. mars på Håbakken
- 2017-04-05 1NyBane - Møte hos LNU med golfklubb, LNU, Kommune, Bondelag
- 2017-08-28 NyBane komite møte LNU
- 2018-01-29 NyBane komité LNU Øyri
- 2018-08-09 Pål Melbye, NGF på banen, møte om NyBane
- 2018-08-12 LNU Møte med grunneigarar
- 2018-09-18 Arve Tokvam LNU
- 2019-01-09 Ekstraordinært Årsmøte

[Link til side om nye bana.](#)

9. Medlemsarbeid

Marknadsføring og Google Ads

Per Åke Evjestad har vidareført marknadsføring på Google Ads. Google-annonsering står for ein stor del av nye medlemmar. Me har ikkje marknadsført fjernmedlemskap på andre måtar enn Google annonsering.

Alle Medlemmer Statistikk

Handicapgruppe	Damer	Menn	I alt
Gruppe 2: 4,5 - 11,4	0	15	15
Gruppe 3: 11,5 - 18,4	0	54	54
Gruppe 4: 18,5 - 26,4	6	106	112
Gruppe 5: 26,5 - 36,0	26	99	125
Gruppe 6: 37 - 54	51	97	148
I alt	83	371	454

2018 gav ein nedgang på 18 medlemmar. Dette kan relaterast til større purringsaktivitet på ubetalte medlemsfakturaer, men kan og vere ein konsekvens av at me ikkje hadde Google Ads-annonse inne dette året.

10.Økonomi

Me visar til Sak 5, Rekneskap, i Sakslista og Revisorane sin rapport.

11.Sponsorar

[Sponsorane er viste på heimesida og kvar har link til eiga side.](#)

Ny Generalsponsor frå mars 2017, TOYOTA SOGN.

I Lærdal er det Astrup Fearnley AS, Borgund Taxi, Solheim, Joker - Ljøsnabui AS, Lærdal Ferie og Fritidspark ANS, As Trewaren, Østfold Energi Produksjon – og Haabakken AS, KIWI Minipris – Lærdal, Lærdal Grønt BA, Voll Lunde Maskin AS, Økonomiservice AS.

I Årdal har klubben støtte frå Impec, Legal Eiendom, Indre Sogn Bil og Hydro Aluminium (Årdalrangen).

På Kaupanger har klubben støtte frå TOYOTA SOGN.

Sponsor-turneringa er erstatta av ei Bedriftsturnering som fungerer mykje betre.

Generalsponsor

Toyota Sogn

Holsponsor

IMPEC AS, Brugrand

Rangesponsorar er Astrup Fearnley AS, Borgund Taxi, Solheim, Joker - Ljøsnabui AS, Lærdal Ferie og Fritidspark ANS, As Trewaren, Østfold Energi Produksjon.

Tavlesponsorar er Haabakken AS, KIWI Minipris – Lærdal, Lærdal Grønt BA, Voll Lunde Maskin AS, Økonomiservice AS, Røyrleggar Grønsberg & Sønner AS.

Lærdal Energi AS – Muneris ordninga har ikkje fungert for klubben – har søkt to gonger utan støtte, ein gong med støtte men vart ikkje fulgt opp med innkjøp.

Lærdal 27. januar 2019

Styret

Petter Lossius, Ole Kristian Øren, Gerd Skalle,

Roger Kleiva, Oddvar Aalen, Jan Lunde

Per Åke Evjestad (vara), Ingrid Jansen (vara)